

Høringsutkast til
Handlingsprogram 2019-2021
for
Regional plan for vassforvaltning 2016-2021
Hordaland vassregion



Songsvaner i frostrøyken i Vossovassdraget jan-2019. Foto: Sveinung Klyve

Omtale av Regional plan for vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning for Hordaland vassregion vart vedteke av fylkestinga for Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Buskerud og Oppland i desember 2015. Planen vart godkjent av Klima- og miljødepartementet i 2016.

Planen er utarbeidd i tråd med *Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta)*. Forskrifta er ei implementering av vassdirektivet til EU.

Regional plan for vassforvaltning vert vedteke som ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-4 med dei særreglar som følgjer av vassforskrifta.

Planen fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane innan 2021. Planen er eit sentralt verkty for heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatnet. Dette skal skje gjennom:

- Ei heilskapleg vassforvaltning på tvers av sektorar og forvaltingsnivå, med god medverknad frå allmenne interesser
- At ansvarlege kommunar, fylkeskommunar og sektormyndigheiter følgjer opp forvaltingsplanen og tiltaksprogrammet gjennom eigne planar og vedtak etter eige sektorlovverk
- Å unngå forverring av miljøstanden i vassdrag og kystvatn
- Å oppfylle miljømål og gjennomføre miljøforbetrande tiltak slik det vert fastsett for den enkelte innsjø-, elv- og kystvassførekomst.

For å nå miljømåla i forvaltningsplanen, er det utarbeidd eit regionalt tiltaksprogram som konkretiserer moglege tiltak for å førebyggje, forbetre og/eller retta opp att miljøtilstanden der det er naudsynt. Tiltaksprogrammet skal rullerast kvart 6. år.

Regional plan for Hordaland vassregion 2016-2021 er den første planperioden. Planen skal oppdaterast kvart 6. år.

Handlingsprogrammet

I høve til Plan- og bygningslova § 8-1, skal alle regionale planar ha eit handlingsprogram. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Fylkestinget har òg ansvar for å rullere handlingsprogrammet. Ved rulling av handlingsprogrammet vert inngåtte avtalar med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen, fornya.

Handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla i planen. Programmet viser kva for oppfølging planen krev og peikar ut ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for å få gjennomført planen. Handlingsprogrammet er avgrensa til sjølve planprosessen for å sikre framdrift og samhandling og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet. Arbeidsfordelinga går fram av tabellen på side 5 – 6. Oppgåvene er ikkje lista etter prioritert rekkefølge.

Handlingsprogrammet gjeld for perioden 2019-2021. Handlingsprogrammet er utarbeida med medverknad frå kommunane, sektorstyresmaktar og fylkeskommunar, slik at delar av planen som krev medverknad frå desse vert mest mogleg realistiske.

Ressursbehov

Det har ikkje vore mogleg å gi ei oversikt over trong for ressursar for den enkelte sektorstyresmakt. Det er ingen som får tildelt nye roller eller oppgåver. Alle sektorstyresmaktar må sette av tid og resursar innafor respektive ansvarsområde og kople dette mot egne budsjett og økonomiplanar.

Handlingsprogrammet er vist i tabell nedanfor, delt inn etter 4 hovudoppgåver:

- A) Iverksetting av Regional plan for vassforvaltning for Horaland Vassregion
- B) Drift av vassregionen
- C) Drift av vassområda
- D) Rullere forvaltningsplan for 2. planfase (2022-2027)

Tilskotsordningar knytt til vassforskrifta og regional plan

Fleire av direktorata har tilskotsordningar som kan være aktuelle for å søke finansiering av overvaking og tiltaksgjennomføring m.m. Desse ordningane vil kunne bli endra frå år til år og det er difor ikkje føremålstenleg å gje ei samla oversikt då den fort blir utdatert.

Bekkevandring i Eikangervassdraget



Figur 1. Bekkevandring i Eikangervassdraget med folk frå teknisk og landbruk i Nordhordland.

Handlingsprogram for Regional plan for vassforvaltning Hordaland vassregion 2016-2021						
Ordforklaringar: Vassområde = vassområde ved koordinatar, Vassregionstyresmakt (VRM) = Fylkeskommunen Alle: Fylkeskommunar, Fylkesmenn, Sektortyresmaktar*, kommunar		Hovudansvar	Medverkande	2	2	2
				0	0	0
				1	2	2
				9	0	1
Oppgåve A						
Iverksetting av Regional plan for vassforvaltning for Hordaland Vassregion						
Aktivitet 1	Implementere regional plan i kommunale og fylkeskommunale planar	Kommunar Fylkeskommune		x	x	x
Aktivitet 2	Legge regional plan til grunn for eigen verksemd	Alle		x	x	x
Aktivitet 3	Gjennomføre tiltaksprogram	Alle		x	x	x
Aktivitet 4	Gjennomføre regionalt overvåkingsprogram. Etablere stasjonsnett for overvaking.	Fylkesmannen	Kommunar Fylkeskommune Sektorstyresmaktar	x	x	x
Aktivitet 5	Rapportere til vassregionstyresmakten når formålet til planen og prioriteringar ikkje vert fylgt	Alle		x	x	x
Aktivitet 6	Kontinuerleg oppdatering i vann-nett om gjennomførte tiltak. Status for gjennomføring av tiltak må seinast vere oppdatert i Vann-nett innan 31.12.21. KLD rapporterer vidare til ESA innan 22.03.22.	VRM Sektorstyresmaktar Vassområda	Alle	x	x	x
Aktivitet 7	Kontinuerleg oppdatering i vann-nett om miljøtilstand, karakterisering / klassifisering	Fylkesmannen (fagansvar)	Kommunar Vassområde Fylkeskommune Sektorstyresmaktar	x	x	x
Aktivitet 8	Klargjering av kva for data sektorstyresmaktar som skal leggjast inn i Vann-miljø. Utarbeide rutinar.	Fylkesmannen Miljødirektoratet	Sektorstyresmakt	x	x	x
Aktivitet 9	Leggje data inn i Vannmiljø	Sektorstyresmaktar	Fylkesmannen			
Aktivitet 10	Opprette system som fanger opp endringar i miljøtilstand, påverknadar og miljømål for å utarbeide statistikk og grunnlag til vassforvaltningsplanen.	Fylkesmannen Miljødirektoratet	VRM			
Aktivitet 11	Klargjering av eksisterande økonomiske og juridiske verkemidlar og kontinuerleg vurdering av trong for nye verkemidlar	Sektorstyresmaktar kommunar	Miljødirektoratet VRM	x	x	x
Aktivitet 12	Skaffe betre grunnlag for utrekning av kostnader, effektar og nytte og dermed prioritering av tiltak	Sektorstyresmaktar kommunar	Alle	x	x	x
Aktivitet 13	Utarbeide årsrapport på grunnlag av årsrapportar frå vassområda	VRM	Vassområda	x	x	x
Oppgåve B						
Drift av vassregionen						
Aktivitet 14	Avhalde møte i arbeidsutvalet og vassregionutvalet til vassregionen	VRM	Vassregionutval Arbeidsutval	x	x	x

Aktivitet 15	Halde regional referansegruppe orientert om arbeidet	VRM	Vassregionutval	x	x	x
Aktivitet 16	Halde møte mellom VRM, FM og VO-leiarar for drøfting av relevante tema, kurs og opplæring	VRM	Fylkeskommune Fylkesmannen Vassområde	x	x	x
Ordforklaringar: Vassområde = vassområde ved vassområdekoordinator, Vassregionstyresmakt (VRM) = Fylkeskommunen Alle: Fylkeskommunar, Fylkesmenn, Sektorstyresmaktar*, kommunar		Hovudansvar	Medverkande	2	2	2
				0	0	0
				1	2	2
				9	0	1
Aktivitet 17	Følgje opp vassområda og vassområdekoordinatorane	VRM		x	x	x
Aktivitet 18	Bidra til regionalt fokus på vatn – samordne med andre aktivitetar	VRM	Alle	x	x	x
Aktivitet 19	Formidle arbeidet med oppfølging av den regionale planen og tiltaksprogrammet m.a. oppdatere nettsida for Sogn og Fjordane vassregion, nytte media for formidling og bevisstgjerung av arbeidet	VRM	Alle	x	x	x
Oppgåve C						
Drift i vassområda						
Aktivitet 20	Halde møte i vassområdeutvala, i dei ulike faggruppene og referansegruppe i vassområda	Vassområda / Kommunar	VRM Fylkeskommune Fylkesmannen alle	x	x	x
Aktivitet 21	Sørgje for medverknad frå allmenne interesser på lokalt nivå	Vassområda / Kommunar		x	x	x
Aktivitet 22	Utnytte finansieringsordningar til tiltak og overvaking	Alle		x	x	x
Aktivitet 23	Bidra til lokal kunnskapsoppbygging og bevisstgjerung, oppdatere og drifte heimesida for vassområdet	Vassområda		x	x	x
Aktivitet 24	Årsrapportering til VRM	Vassområdeutval	Alle	x	x	x
Oppgåve D						
Rullere forvaltningsplan for 2. planfase (2022-2027)						
Aktivitet 25	Sende revidert planprogram på høyring	VRM	Alle	x		
Aktivitet 26	Sende hovudutfordringar i vassregionen på høyring	VRM	Alle	x		
Aktivitet 26	Oppdatere tiltaksprogrammet	VRM	Alle	x	x	x
Aktivitet 27	Oppdatere vassforvaltningsplanen. Frist for oversending til KLD 1.7.2021.	VRM	Alle	x	x	
Aktivitet 28	Oppdatere og utvikle overvåkingsprogram	Fylkesmannen	Alle	x	x	x

Sektorstyresmaktar*: Statlege etatar inkludert Fylkesmannen og Miljødirektoratet